



DEN NORSKE KIRKE  
Agder og Telemark bispedømme



DEN NORSKE KYRKJA  
Øvre Telemark prosti

LEVE

# Vandring for forandring 2022

Me inviterer deg som er MANN, og har mista nokon i sjølv mord (ektefelle, born, sambuar, bror, syster, kamerat, kollega) til vandring langs den gamle pilegrimsvegen mellom Haukeli og Røldal.

Tid: Laurdag 10-11 september 2022



Innhaldet i samlinga vil vere ei vandring langs den gamle pilegrimsvegen over Haukelifjell til Røldal stavkyrkje. Gjennom mange hundreår vandra folk pilegrim til Røldal. Målet var krusifikset i den gamle kyrkje.

Ei grunnleggande pilegrimsrøynsle er nettopp at ein møtest som den ein er. Med si historie, sine tankar om tvil og tru. Vi ynskjer at denne vandringa skal vere eit tilbod til menneske med ulike tru og bakgrunn. Det at me er ulike gjer vandringa rikare.

Mange etterlatne opplever hjelp ved å møte andre i same situasjon.

Fellesskapet gjev rom for aksept og

forståing.


I programmet er det satt av tid til samtale og deling av erfaringar på kveldstid, men hovudsaka er sjølve vandringa.

*Denne samlinga har vore som ei bru for sorga mi.*

(Sagt av ein deltakar på ei tidlegare vandring)

Vandringa er også ei markering av Verdsdagen for sjølv mordsførebygging (10. september).





Vil ein høyre meir om vandringa og møte to av dei som har vore med med, kan ein laste ned denne podkasten.

<https://anchor.fm/diakonalgang/episodes/vandre-sorga-mindre-etftn8>

### Program:

Laurdag 10. september.

Frammøte ved Fjellstad kl. 12 i Vågslid. (Bilde under).

Fjellstad ligg ei 15-20 min frå Haukeli, på venstre side, og er eigd av Porsgrunn Røde Kors.)

Vandring langs Ulevåvatn til Midtlæger. (ca. 12 km)

Sundag 11. september. Vandring ned Austemannali til Røldal kyrkje (ca. 13 km) Framme i Røldal mellom kl. 14-15

### Praktisk info:

Me overnattar på Fjellstad. Gode senger og grei bad, men ein må ha med sovepose. Det einaste ein elles treng er niste til fyrste dagen. Middagen på laurdag lagar me felles, sundag et me på Haukeliseter.

Ansvarlege for turen: Eilev Erikstein, prostidiakon i Vest -Telemark, Ole Hafell frå LEVE - Vestfold og Øyvind Dåsvatn frå RVTS- Sør.

**Arrangørar:** Prostidiakonen i Vest Telemark, Agder og Telemark bispedøme og RVTS Sør, LEVE-Vestfold og Øvre Telemark prosti.

**Påmelding og info hjå Prostidiakon** Eilev Erikstein 91 11 35 80 eller [eilever@online.no](mailto:eilever@online.no)

